

# Partiprogram Kinn Senterparti 2024-2027

## Overordna mål:

- Vi skal gjennom å ta i bruk heile kommunen, bidra til vekst, utvikling og etablering av nye arbeidsplassar i både bygd og by
- Jobbe proaktivt og markedsføre kommunen for tilflytting
- Engasjerte og delaktige innbyggjarar
- Aktive lokalsamfunn med tenester nær deg
- Ein ordna og føreseieleg kommuneøkonomi
- Sikre gode og forsvarlege tenestetilbod i heile kommunen gjennom god økonomisk styring
- Likt tenestetilbod i begge delar av kommunen vår
- Kinn kommune skal være ein god og trygg kommune å vekse opp i. Vi vil derfor ha eit ekstra fokus på barn og unge sine oppvekstvilkår
- Kinn senterparti skal ha fokus på førebygging av fysiske og psykiske helseplager og sosiale vanskar
- Eit triveleg og harmonisk samfunn, bygd på de kristne og humanetiske grunnverdier.

## **Prioriterte saker:**

- Ny Skram skule
- Ny sjukeheim med 100 institusjonsplassar i Florø
- Gymsal på Florø barneskule
- Jobbe for eit opplæringsbasseng i Måløy og sikre svømmeopplæring for alle grunnskuleelevar i heile kommunen
- Kommunalt storkjøkken kjøkken i den nye sjukeheimen i Florø
- Gjenoppta kommunalt kjøkken i Måløy
- Tidlig innsats og forbygging av sosiale vanskar hjå barn og unge
- Opprettholde Stavang skule

- **Reduksjon av eigeidomsskatt**
- **Godt vedlikehold av kommunale veger**
- **I kommunedelplanen må det leggast til rette for desentralisert bebyggelse**

## **Innleiing**

Senterpartiet arbeider for eit samfunn med små sosiale, geografiske og økonomiske skilnader. For å oppnå rettferdig fordeling treng vi eit levande folkestyre og ei tydeleg desentralisering av makt, kapital og busetjing. Jorda er ein arv som vi forpliktar å forvalte for etterkommarane våre. Natur, miljø, og klima må difor sjåast i samheng med alle andre samfunns mål, og sikre ei forsvarleg og berekraftig forvaltning av ressursane og miljøet. Senterpartiet vil føre ein politikk som gjer at folk på fritt grunnlag kan velge kvar dei vil bu, enten det er tettstadar, bygder eller byar. Vi vil sørge for at arbeidsplassar, infrastruktur, velferdstilbod, og tryggleik finst både i store og små samfunn. Alle har rett på gode tenester i nærmiljøet.

## **Økonomi.**

Vi vil føre ein ansvarleg økonomisk politikk som sikrar og opprettheld eit godt tenestetilbod for alle innbyggjarane i kommunen.

Vi vil vere restriktive til unødig store investeringar og låneopptak til føremål som *ikkje* ligg innafor dei prioriterte områda.

## **Bustadbygging og miljø.**

Ein velfungerande bustadmarknad er ein føresetnad for næring- og samfunnsutvikling. Kinn Senterparti vil legge til rette for busetjing i heile kommunen. Spreidd utbygging er eit verkemiddel for å oppnå dette. I områder med lite utbyggingspress må spreidd bustadbygging tillatast i større omfang enn i sentrale strøk. Dette skal uansett ikkje gå på bekostning av jordvernet.

Ein variert bustadmarknad tilpassa innbyggjarar i ulike livsfasar, økonomisk situasjon og/eller funksjonsnivå. Det er og viktig at det er ein fungerande

leigemarknad utanfor dei mest sentrale strøka. Kommunen må ta ansvar for å regulere eit tilstrekkeleg antal tomter. Bustadbygging må ta omsyn til trivsel for alle aldersgrupper i sentra og i distrikta.

Kinn Senterparti meiner at:

- bustadfelt ikkje bør leggest til dyrka jord.
- det må legges til rette for byggjefelt og utleigebustadar i heile kommunen.
- det i kommunedelplanen må leggest til rette for desentralisert bebyggelse. Det må bli enklare å bygge hus på bygda/i spredt bebyggelse
- kommunen bør opprette prøvebustadar for tilflyttarar som ønskjer/vurderer å etablere seg i kommunen
- kommunen bør ha tilbod om utleigetomter for minihus
- eigedomsskatten ikkje bør auke ut over dagens nivå, men på sikt reduserast
- forholdstal på eigedomsskatten i Eikefjord bør settast til 0,85 som utgangspunkt

## **Næringsliv, kommunal sysselsetting og offentleg tenestetilbod:**

Senterpartiet vil føre ein næringspolitikk som legg til rette for eit livskraftig næringsliv og levande bygder. Privat eigarskap og privat initiativ er heilt sentral i verdiskapinga. Senterpartiet vil legge til rette for vidareutvikling av eksisterande industri og for nye industrietableringar.

Senterpartiet vil arbeide for eit variert næringsliv både i sentra og i distrikta og vil jobbe for at Kinn kommune

- framleis skal vere leiande når det gjeld oljerelatert aktivitet, industri og forsyningsteneste.
- ha stort fokus på primærnæringane
- legge til rette for marin og maritim næringsutvikling
- ha ei positiv utvikling av landbruket.
- støttar tiltak som kan fremje og vidareutvikle turist- og reiselivsnæringa frå hav til bre på ein berekraftig måte.
- støttar opp om nærbutikkane og MERKUR-programmet og bidra til å utvikle og utvide dei kommunale servicepunkta på dei lokale nærbutikkane.
- har ein god og framtidsretta personalpolitikk i organisasjonen.

## **Sikkerhet og beredskap**

God beredskap er alltid lokalt forankra. Ressursane som skal handtere krisene, må være spreidd i kommunen vår. Alle skal føle seg trygge på at dei får bistand ved behov. Senterpartiet meiner at alle, uansett kor dei bur, skal være trygge på at tryggleiken deira vert godt ivareteken. Politiet må ha god kompetanse om lokalsamfunnet.

Kinn Senterparti

- vil jobbe for eit nærværande og synleg politi og hindre ei ytterlegare sentralisering av politi og lensmannsetaten.
- meiner at innbyggjarane i heile kommunen framleis å kunne vere sikra akseptabel nærleik til forvaltningstenester (som utskrivning av pass)
- vil jobbe for at dagens ambulansestructur vert oppretthalde
- vil jobbe for at dagens ordning med lokasjon av redningsskøyta vert opprettholdt
- vil ha brannpumper i lokalsamfunn der brannberedskapen ikkje er god nok

## **Kyrkje:**

Senterpartiet vil jobbe for at

- nødvendig stell og vedlikehald av kyrkjebygg og kyrkjegardar får høg prioritet.
- gode kulturtradisjonar i samarbeid med kyrkja vert oppretthalde.

## **Natur og miljø.**

Langsiktig og ansvarleg forvaltning er grunnprinsippet i Senterpartiet sin miljøpolitikk. Mennesket har et ansvar for å ta vare på naturen og miljøet. Biologisk mangfald og sårbare økosystem må sikrast gjennom god og langsiktig lokal forvaltning. Ein må utnytte ressursane på best mogleg måte for å sørge for berekraft. Dette inneber produksjon av varer med lang levetid og med minst mogleg bruk av ikkje-fornybare ressursar, og dessutan reparasjon, gjenbruk, gjenvinning, og dermed reduksjon i avfall.

Senterpartiet vil arbeide for at

- Kinn kommune legg til rette forframtidisretta, bærekraftig og fornybar energiproduksjon og energibruk. Samtidig som ein ivaretek naturen på best mogleg måte
- miljøransatsing i offentleg forvaltning og arbeide for innføring av avfallssortering på store arbeidsplassar i kommunen, og mindre bruk av eingongsutstyr.
- solcellepanel som energikjelde vert utgreia og vurdert på nye offentlege bygg
- bølgekraftanlegg langs havner vert vurdert
- vurdere å redusere verning av vassdrag
- det vert lagt til rette for meir lokal vasskraftutbygging

## **Samferdsle.**

Senterpartiet sitt mål er å sikre transport – og kommunikasjonstilbodet på ein måte som forenkler kvardagen til folk og aukar lønsemda og jamnar ut konkuransvilkåra for næringslivet gjennom å redusere avstandsulempene. Utbygging av breiband/fiber og mobiltelefoni er ein del at den grunnleggande infrastruktura, og må prioriterast.

Senterpartiet vil arbeide for

- eit godt offentleg transporttilbod i heile kommunen.
- å utvide og forbedre tilboda om bestillingsruter.
- Å sikre at eit teneleg båtrutetilbod i heile Kinn kommune minst held dagens nivå.
- ei god, teneleg og tilrettelagt transportordning for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Å oppretthalde eit godt rutetilbod på Florø lufthamn
- Å få flyruta Florø – Bergen inn som FOT-rute.
- gode og sikre skulevegar.
- godt vedlikehald og fast dekke på kommunale vegar.
- bygging og vedlikehald av gang- og sykkelvegar
- at vegen Måløy- Oppedal vert opprusta.
- utbetring av vegen Kapellneset- Nord Vågsøy kyrkje
- ferdigstilling av gang og sykkelveg langs fv 548 frå Brandsøya til Solheimslia
- at 45 minuttregionen vert realisert som ein del av Kystvegen.
- realisering av Stadt skipstunnell ved å halde oppe trykket mot regjering og storting.
- fleire parkeringsplassar i Florø sentrum

- betre tilrettelegging for parkering for funksjonshemma kring kommunale bygg
- sykkelparkering sentralt i Florø og Måløy, og i dei største bygdene våre.
- Å sikre innbyggjarane sine ei god og tilfredsstillande mobil- og nettdækning og at utbygginga av fiber held fram inntil alle øyer og bygder har fått tilfredsstillande dekning

Kinn sp er imot privatisering av kommunale vegar der det er fastbuande eller er viktig for allmenheita

## **Oppvekst**

Å sørge for gode oppvekstvilkår for barn er blant dei viktigaste oppgåvene i samfunnet vårt. Vi må sikre nok og kvalifisert bemanning i skule og barnehage og satse på fritidsaktivitetar og trygge møteplassar for barn og unge. Barnehagane må være ein arena for tidleg innsats slik at barn med særskilde behov raskt får oppfølging som sikrar god utvikling.

Senterpartiet vil ha ein sterk offentleg skule. Vi vil ha eit desentralisert utdanningstilbod på alle nivå. Målet er at utdanningsinstitusjonane nyttar seg av lokale fortrinn og spelar på lag med nærmiljøet. Difor meiner Senterpartiet at det er viktig å opprettholde grendeskular som Stavang skule.

Senterpartiet er bekymra for fråfallet i vidaregåande skule. Vi veit at fråfall i mange tilfeller kan sporast tilbake til barnehage, og forsterka oppfølging i barnehage og grunnskule vil bidra til at fleire klarar å fullføre vidaregåande opplæring. Alle elevar skal oppleve eit godt og trygt skule-og læringsmiljø som bidreg til trivsel, motivasjon og lærelyst. Det er derfor behov for sterke fagmiljø rundt elevane bestående av lærarar, helsesjukepleiarar, rådgjevarar og miljøterapeutar. Det er behov for ei satsing på skulehelsetenesta og tiltak som styrkar den psykiske helsa til elevane, og hindrar utanforskap. Læraren må få tid til å være lærar. Atferdsproblem og/eller andre sosiale problem bør løysast av helse- og sosialfagleg utdanna.

Senterpartiet vil ha eit breidt tilbod i vidaregåande utdanning. Flest mogleg skal ha mogleghet til å bu heime medan dei går på vidaregåande skule.

Senterpartiet skal arbeide for eit desentralisert skulemønster. Omsynet til borna MÅ prioriterast i alle skulepolitiske saker.

Kinn Senterparti vil:

- prioritere bygging av ny gymnastikksal ved Florø barneskule.
- at nye Skram skule vert dimensjonert for 250 elevar
- ha rullerande opptak i barnehagen
- ha økt bemanning i barnehagane
- ha Vikarpool i barnehage og skule– gode ordningar for å sikre nok kvalifiserte vikarer
- ha eit trygt og kvalitetssikra læringsmiljø for barn og unge i heile oppvekstsektoren. Dette meiner vi best vert sikra gjennom to-pedagogordning i skulen.
- at nødvendig informasjon må følge elevane når dei går frå barnehage til skule, frå barneskule til ungdomsskule og frå grunnskule til vidaregåande skule
- at spesialpedagogiske tiltak vert sett inn og fulgt opp umiddelbart etter at behov er avdekka.
- styrke skulehelsetenesta og sikre at alle skular har tilgang til helsesjukepleiar, og miljøterapeut med sosialfagleg høgskuleutdanning
- ha eit SFO-tilbod som er fleksibelt med omsyn på opningstider. SFO skal ha like opningstider i begge delar av kommunen.
- ha fleksibel bruk av gratis kjernetid på SFO for 1. og 2.klassinger
- sørge for at andre aktivitetstilbod i kommunen kan integrerast i SFO-tida, og at det vert lagt til rette for eit auka samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar
- opne for leksehjelp på SFO som eit frivillig tilbod
- at det vert oppretthalde gode og varierte linjeval ved dei vidaregåande skulane i Kinn kommune.
- at dei eksisterande utdanningstilboda i kommunen på fag- og høgskulenivå vert oppretthaldne og vidareutvikla der dei er.
- ha ungdommer med MOT
- satse på forebyggende tiltak retta mot barn og unge og deira familiar for å forebygge psykisk uhelse og utanforskap
- styrke den fleirkulturelle kompetansen i barnevernet
- hindre at Barnevernet vært ein salderingspost
- fastslå, og syte føre, maks reisetid for grunnskuleelevar
- oppretthalde desentralisert skulestruktur

## Helse, omsorg og sosial.

Arbeidet i helse og sosialsektoren skal ha førebygging og god helse som målsetjing.

Eldreomsorga skal gje tryggleik, bistand og omsorg. Eldre må være trygge på at dei får god hjelp uavhengig av eigen situasjon, eller om dei har ressurssterke pårørande. Alle skal behandlast med utgangspunkt i eigne føresetnadar. Oppgåvene i eldreomsorga må løysast i samarbeid med den enkelte, pårørande og frivillige aktørar. Senterpartiet vil ha meir aktivitet i eldreomsorga og sikre eldre eit omsorgstilbod, meiningsfulle dagar og høve for dagleg aktivitet.

Det er behov for tydeleg og føreseieleg støtte til pårørande som har omfattande omsorgsoppgåver.

Nav-kontor skal ha opningstider som gjer dei tilgjengelege for innbyggjarane. Dei mest utsette gruppene som ikkje kan nyttiggjere seg digitale løysingar skal ha den hjelpa dei har behov for.

Tryggleik ved fødsel og eit desentralisert fødetilbod er viktig. Jordmortilbodet i kommunen er viktig både under graviditet og i samband med fødsel. Eit velfungerande ambulansetilbod er ein føresetnad for tryggleiken til innbyggjarane våre når liv og helse vert trua.

Senterpartiet vil arbeide for

- å styrke vikarpoolen med fleire tilsette.
- at alle pleietrengande i heile kommunen skal ha tilgang til eit godt omsorgstilbod der kvalitet og kompetanse er grunnleggjande.
- ny institusjon i Florø med 100 sjukeheims plassar med kommunalt storkjøkken i den nye sjukeheimen.
- at det kommunale kjøkkenet i Måløy vert gjenoppretta
- at det vert etablert nok sjukeheims plassar, omsorgsbustadar og fagkompetanse i heile kommunen, slik at alle innbyggjarar får leve og bli gamle i sine nærområde. Dette inkluderer mellom anna stort fokus på ei god heimehjelpsordning, styrka heimebaserte tenester og velferdsteknologi.
- eit godt og tilstrekkeleg avlastningstilbod til pleiepasientar og funksjonshemma.
- å sikre at alle pårørande med tyngande omsorgsoppgåver får tilbod om ein pårørandeavtale med kommunen. Avtalen må legge til rette for å



dekke behovet til dei pårørande for avlastning, opplæring, fridagar, rettleiing og tiltak for å ivareta eiga helse.

- å legge til rette for fleire lærlingplassar, og praksisstudentar i kommunen for å sikre rekruttering
- å legge til rette for ei styrking av frivillige organisasjonar si rolle i omsorgsarbeidet og eit godt samarbeid med Frivilligsentralen i kommunen.
- å forhindre utanforskap og sikre eit meir inkluderande samfunn
- å styrke tenestene innan psykiatri og rusomsorg, PPT og krisesenter
- å sikre nok tilrettelagte arbeidsplassar i kommunen.
- å sikre at NAV-kontora er tilgjengelege gjennom tilstrekkeleg opningstid.
- ei god kommunal jordmorteneste, og svangerskapsomsorg
- at Nordfjord sjukehus skal halde fram som lokalsjukehus med akuttfunksjonar.

## **Kultur og fritid.**

Senterpartiet vil ha eit samfunn som verdset og legg til rette for eit inkluderande og mangfaldig kultur- og idrettsliv. Vi vil stimulere til eit aktivt kulturliv med nyskaping, lokale talent og engasjement. Sp vil legge til rette for størst mogleg frivillig engasjement både i idrett, friluftsliv og kulturliv. Alle, uansett økonomiske forhold eller sosial bakgrunn, skal kunne delta i frivillige aktivitetar.

Frivilligheita skapar lokalt engasjement, fellesskap og sterke lokalsamfunn. Senterpartiet vil legge til rette for størst mogleg frivillig engasjement både i idrett, friluftsliv og kulturliv

Kinn Senterparti meiner at også unge vaksne må ha gode fritidstilbod, og vil legge til rette for dette.

Senterpartiet vil at flest mogleg skal ha moglegheit til friluftsliv. Uteaktivitetar skapar trivsel, god folkehelse og ei betre forståing av naturen. Det er særleg viktig at barn og unge så tidleg som mogleg får ta del i friluftaktivitetar. Tilgang til nære rekreasjonsområde er viktig.

Dei kommunale kulturskulane er viktige. Målet er at alle barn som ønsker det, skal ha tilbod om plass i kulturskulen til ein rimeleg pris.

Rolla til biblioteka har utvikla seg sterkt dei siste åra, slik at biblioteka har fått sterkare preg av sosial møtearena som også kombinerer læring, formidling og integrering

Senterpartiet vil arbeide for

- å støtte frivillig innsats i kulturlivet.
- At alle barn som ønsker det, skal få tilbod om plass i kulturskulen til ein rimeleg pris
- eit godt kommunalt kulturskuletilbod og gode vilkår for musikkorpsa.
- å støtte tiltak for barn og unge og hjelpe fram lokale utøvarar.
- sikre en god og forsvarleg tilkomst til kystmuseet i Florø
- gode og levande bibliotektenester i heile kommunen, og å utvikle biblioteka som sosiale møteplassar.
- at den kulturelle spaserstokken framleis skal gje dei eldre i kommunen eit godt og variert kulturtilbod.
- å gje nærmiljøtiltak høg prioritet.
- å gje kommunal støtte til drift av grendehus og idrettsanlegg.
- å gje motorsport gode vilkår.
- frivillige som legg til rette for friluftsliv, merking av turløyper og stiar, og informasjons- og forvaltningstiltak knytt til naturbruk og kulturarv.
- Å fremje friluftslivet, mellom anna gjennom støtte til turstiar, turvegar, parkeringsplassar, toalett, informasjonsplakatar og friluftaktivitetar.

## **Innvandring og integrering**

Vi har alle eit ansvar for at dei som kjem til kommunen vår vert teke vel i mot, og at vi brukar tid og ressursar på at dei blir ein del av det norske samfunnet.

Kinn senterparti vil

- Styrke ideelle organisasjonar og frivillighetssentralane si rolle i integreringsarbeidet.
- Ta i bruk heile kommunen også når det gjeld busetjing av flyktingar

## **Kommunen som arbeidsgjevar**

Senterpartiet vil byggje ein tillitsbasert kultur som oppmuntrar til, og fremjar medverknad i kommunale prosessar. Tillitsbasert leiing skapar trygge tilsette

med høgt fagleg sjølvstende, noko som gjev gode tenester. Dei beste vurderingane og avgjerdene gjerast av dei som sit tett på oppgåva og som kjenner sine tenestemottakarar og sitt fagfelt.

Kinn senterparti meiner at

- Kinn kommune bør gå føre med eit godt eksempel når det gjeld å tilby jobb til menneske med nedsett arbeidsevne
- Kinn kommune bør stimulere sine tilsette til å ta etter- og vidareutdanning. Særleg tilsette innan oppvekst og omsorgssektoren.